



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 04
fminpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Hans Kristian Myrabø
Kyllingveien 19
6330 Verma

Unntatt offentlighet, jf. offl. §
13, jf. fvl. § 13.

Saksbehandler Kristine Sørleie

Vår ref. 2020/13707-2 432.2

Dykkar ref.

Dato 25.01.2021

Søknad - Romsdalen LVO - snødekt mark - transport til hytte i Vermedalen - Storhaugen - Hans Kristian Myrabø

Delegert vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3, bokstav b) får Hans Kristian Myrabø avslag på bruk av UTV med belter, men får dispensasjon til bruk av snøscooter, for persontransport til og frå eiga hytte ved Storhaugen i Vermedalen.

Avslaget er grunngjeve i at UTV med belte på snødekt mark kan gje presedensverknad til andre saker, og føre til at fleire går over til eit nytt type køyretøy på snødekt mark. I tillegg er ulemper for friluftslivet vurdert, da ATV/UTV med belte gir doble spor, som etter erfaring vil gje større ulemper for skiløparar samanlikna med eitt snøscooterspor.

Dispensasjonen til bruk av snøscooter er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for inntil 5 turar årleg, for vintersesongane f.o.m 2021 t.o.m. 2023.
- Søklar kan gjennomføre transporten med snøscooter sjølv. Alternativt skal det brukast godkjent kommunal leigekøyrar med snøscooter til transportoppdraget.
- Transporten skal gjennomførast før 20. april. Køyring i påskehøgtida skal unngåast.
- Køyreruta skal følgje vegtraseen i Vermedalen frå grensa til Romsdalen LVO, og til hytta ved Storhaugen, som vist på kart i søknaden. Retur same veg.
- Køyringa skal skje skånsamt, på frossen snødekt mark, for å unngå skade på terreng og vegetasjon.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Seinast dagen før snøscootertransporten skal SNO v/ Thomas Rødstøl varslast på mobilnr.: 915 47 617.
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga kvart år, innan 5.juni, på følgjande elektroniske skjema:
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapporteringsskjema_motorferdsel.pdf

Det blir gjort merksam på at transporten må avklarast med grunneigar, og Rauma kommune, jf. «Lov om motorferdsel i utmark».



Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har Nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
 - Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Dokument i saka

- Søknad frå Hans Kristian Myrabø, 08.12.20
- E-post frå søkjar, 10.12.20
- Legeerklæring, Rauma legesenter 24.04.2020
- Kartvedlegg
- Vedtak i Rauma kommune, 2020

Søknaden

Hans Kristian Myrabø søker om motorisert ferdsel på snødekt mark ved bruk av UTV m/belte, til eiga hytte i Vermedalen innafor Romsdalen Ivo. Det er søkt om 10 turar i vintersesongen f.o.m. 2020 – 2023. Føremålet med transporten er å køyre sambuaren som er bevegelseshemma. Det er lagt ved stadfesting frå Rauma Legesenter om behovet for motorkøyretøy for å komme seg fram til hytta i Vermedalen.

I e-post frå Hans Kristian Myrabø 10.12.2020, står det følgjande:

Viser til tlf samtale i mai i år. Vedlagt søknad om kjøring med UTV av bevegelseshemma til hytte i Vermedalen, Storhaugen. Vedlagt kart kjøretrase, tillatelse fra Rauma kommune, legeattest og vedtak i Rauma kommune og tillatelse 2020 til 2023.



Registreringsnummer på UTV er BJ2464. Det er en Polaris Ranger XP med belter.

Jeg mener det er mest hensiktsmessig at vi får kjøre helt fram til hytta og slippe å benytte leiekjører de siste 3 km. Må vi bruke leiekjører blir jo kjøring i utmark 13 km mer for hver tur, dvs 26 km mer for tur retur enn om vi bare fortsetter de siste 3 km med samme kjøretøy. Avstand fra brøyt vei til landskapsverngrense er ca 5 km. Den eneste som har egn kjøretøy av leiekjørere er Frank Sæther, - han bor på Åndalsnes, ca 35 km unna. Han har en UTV av nesten samme type. Her sitter en som i en bil med tre punkts sikkerhetssele. Å sette en bevegeshemmet opp på en snøscooter er ikke tilrådelig. Min samboer vil ikke klare å holde seg fast og faren for velt i bratt terreng er stor med snøscooter.

Søker om tilsvarende antall turer og tidsrom som kommunen ga løyve til.




Foto: UTV Polaris Ranger XP med belter, reg.nr: BJ2464 (Hans K. Myrabø)



Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Romsdalen LVO, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Verneforskrift og verneformål

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med mangfald frå dalbotn til høgfjellet, kulturlandskap og kulturminne. All motorisert ferdsel er i utgangspunktet forbode i Romsdalen landskapsvernområde. Forvaltningsmyndigheita kan etter verneforskrifta, § 3, pkt. 5.3, bokstav gje løyve til: *Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.*

Forvaltningsplan

Motorisert ferdsel er særleg konfliktskytt fordi verneområda skal vera skjerma for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klart nytteføremål. Motorisert ferdsel skal haldast på eit nødvendig minimum. Vidare står det i retningslinene at det for kjende transportføremål kan gjevast løyve for inntil fem år for å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader. Talet på turar skal normalt avgrensast til 1-5 turar på vinterføre. Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om påska er seinare.

Motorferdsel i samband med nyttekøyring til buer og hytter, jf. § 3, pkt. 5.3, skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar med snøscooter eller ved bruk av helikopter. Det står vidare i forvaltningsplan at *«leigekøyrar ikkje har høve til å frakte personar. Dersom det ikkje medfører ekstra køyring kan likevel den som leier leigekøyraren sitte på eller henge etter leigekøyraren på på slik transport som nemnt ovanfor»*.

Om rørslehemma står følgjande, 98: Etter søknad kan det gjevast dispensasjon for transport av varig rørslehemma til eiga hytte. Definisjon av rørslehemma følgjer av MD sitt rundskriv T-1/96, men personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Vurdering

Søkjaren eig hytte i landskapsvernområdet med vinterstengd veg, og har såleis eit akseptert behov for transport til hytta. Det er søkt om 10 turar per år. Forvaltningsplanen opnar for 1-5 turar på vinterføre.

Formål med transporten er transport av bevegelseshemma person til eigen hytte. I vedlagt brev frå Rauma Legesenter er behovet for motorkøyrerøy dokumentert, med ei stadfesting om at noverande tilstand gir behov for transporten vinterstid. Behovet knytter seg ikkje til turkøyring, men gjeld transportbehov til eigen hytte



I verneområda skal det helst nyttast leigekøyrar med kommunalt løyve, jf. vernereglane. For dette formålet er det tenleg å kunne utføre transporten sjølv, så lenge det ikkje fører til ekstra turar i området.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrende på dyrelivet. I tillegg er støy frå motorferdsel ofte generande på friluftslivet. Forvaltningsplanen for Reinheimen og verneforskrifta gir retningsliner for kva det etter søknad, kan gjevast dispensasjon til i verneområdet. Kunnskapsgrunnlaget (nml § 8) i saken vurderast å være tilstrekkeleg. Det er ikkje nødvendig å ta i bruk § 9 «Føre-var-prinsippet».

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltaket det er søkt om har eit avgrensa omfang. Dette under føresetnad at ein utfører transporten på ein måte som tek omsyn til dyrelivet og til utøvarar av friluftsliv i området. Ved å følge forvaltningsplanens retningslinjer for motorferdsel, og krav om at køyring utanfor veg berre kan skje på snødekt og frossen mark, medfører motorferdselen ingen varig skade eller spor som truer verneformålet, plante eller dyrelivet. Transporten er i utgangspunktet vurdert å ha akseptabel belastning på verneverdiane i området.

§ 11 Kostnaden ved miljøforringelsen skal bæres av tiltakshavar. I dette ligg det til grunn eit prinsipp om at eventuell skade som følgje av transporten, kan krevjast retta for tiltakshavars rekning.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Bruk av snøscooter er normalt vanleg køyretøy for å løyse transportbehov til hytter og buer i verneområdet, på snødekt mark, da det er etablert leigekøyringsordning med snøscooter. Det er heller ikkje etablert praksis for å likestille ATV/UTV m/belte og snøscooter for motorisert ferdsel i på snødekt mark, etter motorferdsselforskrifta § 5 b. Snøscooter er i vegtrafikklovas reglar ein beltemotorsyssel, medan ein ATV/UTV enten blir registrert som traktor, motorsyssel eller moped. Sjølv om det monterast belte på ein ATV, så gjer ikkje dette at køyretøyet blir ein beltemotorsyssel, dette er definisjonar i hht forskrift om motorkøyretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

Det er berre i ein konkret sak gjeve dispensasjon til bruk av ATV m/belte på snødekt mark, i samband med branntilsyn på Vakkerstølen. Saka var vurdert som unntak og i samband med særlege forhold.



Rauma kommune (utklipp under) har i sitt vedtak gjeve løyve til å nytte snøscooter til transporten, og det er av den grunn naturleg å samordne vedtaka mht til type køyretøy.

Vedtak

Med heimel i § 5 b i Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og kommunalt regelverk § 2 b får Hans Kristian Myrabø løyve til bruk av snøscooter inntil 10 turar per år frå næraste veg etter kortast tenlege rute si eiga hytte i Vermedalen på desse vilkåra:

- Løyvet gjeld for 2020 – våren 2023.
- Løyveinnehavar skal setje seg inn i nasjonalt regelverk (lov og forskrift) for bruk av motorkjørety i utmark, og Rauma kommune sitt kommunale regelverk for motorferdsel i utmark.
- Det skal brukast uniformert vest utarbeidd av kommunen, hjelm og registrert snøscooter.
- Det skal førast køyrebok.
- All motorferdsel i utmark skal avgrensast til det som er strengt nødvendig.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å avklare dette.

I andre verneområde som har erfaring med liknande søknader, viser det seg at spor frå ATV m/belte har ført til konflikt med friluftslivsinteressar i verneområde. ATV m/belte gir doble spor, om mindre eigna for skiløparar, samanlikna med eitt snøscooterspor. Den vinterstengde vegtraseen i Vermedalen blir også nytta av skiløparar, og UTV m/beltespor vil såleis kunne skape konflikter med friluftslivsinteressane i området. Ved å gje dispensasjon til UTV vil ein og kunne skape ny presedens til andre sakar, og ei vriding til nye type køyretøy for vintertransport. Dersom det blir fleire med ATV/UTV kan det også føre til auka press på barmarkstransport da dette er eit køyretøy som er godt eigna for barmark.

Ut i frå ei samla vurdering vil ein ikkje kunne imøtekomme bruk av UTV m/belte på snødekt mark i dette tilfelle, men gje dispensasjon til bruk av snøscooter.

Med helsing

Kristine Sørлие

nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen

Rauma kommune

Mari Melbø Rødstøl

Statsforvalteren i Innlandet

Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl